



Hammar - kameratane A/S

Hella 60

5936 MANGER

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/951 - 18/10167

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

25.06.2018

Byggesak gbnr 33/17 Hella indre - naust for gbnr 37/8 og 38/2 - dispensasjon frå byggegrense mot sjø og plankrav - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval fo rplan, landbruk og teknisk i møte den 14.06.18 der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av kaifront på naust tilhøyrande gbnr 38/7 og 37/2 som omsøkt.

Kaiane er tilpassa sjølina og kjem etter utvalet si vurdering ikkje i konflikt med andre omsyn. Utforming og plassering er gjennomtenkt og tek i vare både bruk av nausta og bruk av området. Kaiane vil leggja til rette for ferdsle i området, også på framsida av nausta.

Når det gjeld kai tilhøyrande gbnr 37/8 er avviket i høve den kaistorleiken kommuneplanen opnar for berre på 2,9 kvm.

Når det gjeld kai tilhøyrande gbnr 38/2 er det grundt og naudsint med kai med storleik som omsøkt for å få tilstrekkeleg djupne i front av naustet. Utvalet presiserer at det er djupnetilhøva som her er avgjerande for utvalet si vurdering og at storleiken på kaien ikkje vil gje presedens for framtidige kaiar i området.

Dispensasjonen vil ikkje vanskeleggjere framtidig utarbeidning av reguleringsplan, og det er utvalet si vurdering at omsynet bak plankravet ikkje vert vesentleg sett til side.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak Gbnr 33/17 Hella Indre (Skuthamna) - Naust for gbnr 37/8 og 38/2 - dispensasjon frå byggegrene mot sjø og plankrav

Situasjonskart naust Skjenet revidert

Søknad om dispensasjon 001

Bilete Skjenet

Byggesak Gbnr 33/17 Hella Indre - Naust - dispensasjon - merknad Statens vegvesen

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Hammar - kameratane A/S

Postboks 7310
Hella 60

5020
5936

BERGEN
MANGER